

PRESSEMELDING OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 29.05.20



Volda
kommune

PRESSEMELDING 29.05.20

Smittestatus i Volda. Til no er det testa 582 personar i Volda kommune, vi har ikkje fått tilbake fleire positive prøvesvar sidan 11. mai. Siste før det var 26. mars.

Barnehagar og skular går mot normal opningstid.

Regjeringa har varsla endringar i smitteverntiltaka i barnehagar og skular. Det tyder likevel ikkje at vi er i ein normalsituasjon. Det er framleis krav til faste inndelingar av barne- og elevgrupper og avstand mellom desse. På uteområda skal det framleis vere avstand mellom dei ulike gruppene, og det krev forsterka tilsyn.

Det kjem ny rettleiar i dag så det er ikkje mogleg å få planlagt ny organisering i tråd med den nye rettleiaren til tysdag 2. juni. Ein veit likevel ein del om kva rettleiaren vil innehalde. Vi er på [«gult nivå» etter dei nye retningslinene](#). Det vil seie at der er framleis hinder som gjer at ein ikkje kan ha full opningstid.

I løpet av neste veke kan foreldre vente seg at opningstida i **barnehagane** vert 08.00 til 16.00. Den same opningstida vil skulane ha for elevar som har **SFO**. Barnehagane og skulane vil i tillegg kartlegge kva behov det er for tilsyn utover denne opningstida, og vil så langt som råd kome i møte desse behova. Føresette som treng meir tilsyn kan ta kontakt med sin barnehage eller skule. Det vil ikkje bli vurdert om behovet er grunna samfunnskritiske funksjonar, men ein vil strekkje seg så langt som mogleg innanfor forsvarleg drift for å imøtekomme behovet for tilsyn.

Tysdag 02.06.20 vil den enkelte barnehage og skule kome ut med meir detaljert informasjon til «sine» foreldre om tidspunkt for ny opningstid.

Barnehagane og skulane har eige system for å informere føresette og elevar.

Besøk ved bemanna omsorgsbustadar for eldre.

Mange av bebuarane er i risikogruppe og er sårbare for smitte av covid 19. På grunn av smittefare og omsyn til smittesporing ber vi om forståing for at vi må ha oversikt over kven som går inn og ut av dørene på huset. Difor vil hovedinngangane framleis vere stengde. Vi oppfordrar helst til utandørs besøk, dersom været tillèt det. Då kan fleire vere på besøk samtidig. F.o.m 29.mai opnar vi opp for innandørs besøk for inntil to pårørande om gongen til kvar bebuar. [Vi oppmoder alle om å følgje desse retningslinjene](#).

Gjestane skal vere heilt friske og utan symptom på luftvegsinfeksjon. Ved symptom må ein utsette besøket. I tilfelle nokon besøkande får symptom på covid-19 med påfølgende prøvetaking i etterkant av besøk, skal de opplyse om at de har vært på besøk i institusjonen, som ein del av smitteoppsporinga.

Vi håper at ordninga kan vere til nytte og glede for alle, og ber alle bebuarar og besøkande om forståing, samarbeid og lojalitet til retningslinjene. Retningslinjene gjeld inntil vidare, og føreset stabil smittestatus i kommunen. Dei kan difor verte endra på kort varsel. [Kontaktinformasjon finn du her](#).

Besøk på institusjon har [retningsliner frå 11. mai](#) som er gjeldande til 2. juni. Besøk må i første omgang gå føre seg ute.

Kommunale bygg er delvis stengt. Det er framleis ikkje opna for at leigetakarar kan bruke kommunale bygg. Dette vil bli vurdert på nytt i kriseleiinga sitt møte torsdag 4. juni. Årsaka til at det framleis er stengt er at det er krav til reinhald utover det som er normalt og kommunen har ikkje meir ressursar å setje inn på reinhald.

Ungdomsklubben førebur gradvis opning. Leiar i ungdomsklubben arbeider med tiltak og organisering som gjer det forsvarleg å gradvis opne ungdomsklubben.

Testing for koronavirus. Det er god kapasitet for testing. Alle med symptom på forkjøling, feber og luftvegsinfeksjon kan gjere avtale om testing. Ring Volda legesenter på telefon: 70 05 89 00 - på kveld tlf: 116 117 for å få avtale.

Ferie og fritidsreiser. Etter fleire veker med strenge tiltak er det for tida lite covid-19-smitte i samfunnet og det er difor lempa på råda om fritidsreiser. Det generelle rådet om å redusere ferie- og fritidsreiser i Noreg er letta på. No kan ein gjennomføre slike reiser så lenge ein reiser på ein slik måte at ein unngår smitte Spreiing.

Dei same grunnleggande prinsippa for smittevern er like gjeldande ved fritidsreise som heime:

- Sjuke personar skal holde seg heime
- God hygiene
- Redusere kontakt mellom personar, og hold minst 1 meter avstand til andre enn dine næraste.

Utanlandsreiser som ikkje er strengt nødvendige er ikkje tilrådd. Den 15. juni vil Utenriksdepartementet gjere ny vurdering.

Hald ut og følg smittevernråda. Sjølv om vi nærmar oss ein normalsituasjon er det viktig at alle er forsiktige. Det er framleis viktig at alle fyl dei smittevernråda som gjeld. Ein må halde avstand, vaske hender og halde seg heime om ein vert sjuk. Før gjerne liste over nærkontakter slik at ein raskt kan setje folk i karantene om nokon skulle få påvist koronasitte. Det er viktig med ekstra fokus på reinhald av kontaktflater. Den einskilde sin innsats er avgjerande for at vi kan unngå oppblomstring av viruset.